

# VOSSADANS - songleik

Tilbod om opplæring i songleik for 3.klassingar i Voss kommune

## **Kort prosjektsammendrag**

«Folkedans i Hordaland», under Hardingfela.no, Voss spelemannslag og instruktør Astri Sudmann, ynskjer i samarbeid å setje i gang eit dansetilbod som tar for seg songleik for 3.klassingar i Voss kommune. Medspelarar/-dansarar er Voss spelemannslag og Ole Bull Akademiet. Målet er at 3.klassingane i Voss skal få læra eit utval songleikar, få utfalda seg gjennom songleik og oppleva dansegleden. I tillegg er det eit poeng at dei vil oppnå positiv fysisk aktivitet som dei også kan ha glede av seinare – både i og utanfor skuletid.

## **Målsetjinga med tiltaket**

Målsetjinga for prosjektet er å auke danseinteressa innan tradisjonsdans hjå borna. Songleik vil også vere eit særstakt bidrag når det gjeld fokus på fysisk fostring i grunnskulen. Tiltaket skal vere eit lågterskel-tilbod til alle som ynskjer å vere med, og der dansegleden er viktigare enn dugleik og prestasjon. Ved å bli kjend med eigen tradisjon står ein også mykje sterkare som menneske i møte med andre kulturar.

Det er også eit mål at personalet i grunnskulen får naudsynt opplæring, slik at tiltaket kan få ein varig effekt, og kan integrerast som ein naturleg del av årsplanane i einingane. Samstundes vil prosjektet naturleg kunne forankrast som ein del av planverket for grunnskulen, både innan kroppsøving, musikk og som støtte til basisfaga.

## **Aktivitet og tiltak**

Kvar 3.klasse i Voss kommune får 2 x 1,5 klokketimar undervisning med ein instruktør. Undervisninga skal gje elevane grunnleggande innføring i songleikar.

## **Eit kulturtilbod til fleire elevar**

Musikk- og dansetilbod i Voss kommune trekk til seg ei overvekt av motiverte og ressurssterke born og ungdom. Samstundes ser ein at ein del elevar aldri nyttar seg av fritidstilbod. Med Vossadans er målsetjinga å gje born og elevar frå alle delar av lokalsamfunnet eit lågterskeltilbod som vi meiner vil gje ein positiv psykososial effekt både lokalt på eininga, og i bygda som heilskap.

## **Kulturell kompetanse for deltaking i et multikulturelt samfunn**

Kunnskap om eigen tradisjon og eigen musikk gjer at vi lettare forstår andre lands tradisjonar og musikk. Ein fellesnemnmar mange norske folkemusikkarar og - dansarar har hatt på reiser i utlandet, er opplevelinga av likskap, snarare enn skilnader i musikk- og dansetradisjonar rundt i verda. Ei spanande side ved dette prosjektet er at Vossadans også vil nå ut til elevar med bakgrunn frå andre land. Ved å synleggjere bitar av, og gje ein introduksjon til den norske tradisjonsdansen- og musikken, gjev ein elevane større refleksjon rundt eigen musikk- og dansetradisjon. Det vil i så fall vere ein positiv bi-effekt for heile Voss kommune dersom multi-etniske møte kjem i stand i kjølvatnet av Vossadans.

## **Utvikling av meir mangfaldige kulturtilbod til fleire**

Voss kommune har eit svært mangfaldig og rikt kulturtilbod i utgangspunktet. Målsetjinga at det vil vere så attraktivt at fleire vil delta også på fritida, der Voss spelemannslag allereie har eit populært tilbod for born og ungdom. Særleg er det viktig å dra guitar inn i kulturelle aktivitetar. Vossadans vil ha fokus på å treffa begge kjønn, og undervisninga vil leggje opp til å formidle dansegledede til både guitar og jenter.

## **Ansvarsfordeling og arbeidsdeling mellom partane**

Prosjektgruppe: prosjektleiar «Folkedans i Hordaland» og prosjektleiar «Vossadans» Astri Sudmann.

## **Tidsramme**

Februar – Mars 2017.

<b>Budsjett Vossadans 2017</b>	
<b>Utgifter</b>	<b>Kommentar</b>
Honorar instruktør, skulebesøk	30000 10 skular, 2 besøk i kvar 3.klasse = 20 besøk à 2 skuletimar
Honorar instruktør, tilbod til dei vaksne/personalet adm./tilrettelegging/førebuing/	3000 oppfriskingskurs, personale, kveldstid x 2 13000
Reise	2000
<b>Totale utgifter</b>	<b>48000</b>
Inntekter	
Eigeninnsats "Folkedans i Hordaland" og Voss Spelemannslag	15000
Rådet for folkemusikk og folkedans	13000 Frist: 1.oktober
Hordaland fylkeskommune	20000
<b>Totale inntekter</b>	<b>48000</b>